

Oppfølging av elevfråvær

Prosess	Oppvekst / Eleven / Ved fråvær	Dokumentkategori	Prosedyre
Godkjent dato	03.06.2014 (Gunvor Kjos-Wenjum)	Siste revisjon	
Endret dato	12.02.2013 (Trond Helge Eide)	Neste revisjonsdato	28.11.2016
Gyldighetsområde	Grunnskule	Ansvarlig	Knut Åge Teigen

Føremål:

- Felles rutinar ved elevfråvær for grunnskulane i Luster kommune

Omfang:

- Gjeld grunnskulen i Luster kommune

Definisjonar:

Ansvar og mynde: Ansvarsfordeling

- Det er foreldra sitt ansvar at elevane møter på skulen.
- Det er kontaktlærer og rektor sitt ansvar at det vert sett inn tiltak ved fråvær.
- Det er skulen/rektor som har saka, sjølv om ho vert meld vidare i systemet.

Handling:

Ved fråvær:

1. Kontaktlærer fører dagbok basert på meldingar frå lærarane. Skal gjerast kvar dag.
2. Elevane leverer melding i meldingsboka første dag på skulen etter fråværet. Melding skal vera underskriven av føresett.
3. Ved tre (3) dagars samanhengande fråvær, kontaktar dei føresette skulen. Dersom dette ikkje skjer, tek skulen kontakt med heimen. Kontaktlærer utarbeidar kvar månad ei oversikt over antal fråværsdagar for alle elevar i si gruppe/klasse.
4. Ved fem (5) dagars einskildfråvær i ein måned, kontaktar skulen v/kontaktlærer dei føresette.
5. Dersom ein elev har vore borte fem (5) einskild dagar, eller har stort timefråvær i kvar måned over ein to-månadars periode, vert dei føresette innkalla til drøftingsmøte der skulehelsetenesta, skulen og eleven deltek. PPT kan kallast inn om nokon ynskjer det. I drøftingsmøtet skal partane komme fram til konkrete, gjennomførbare tiltak, eventuelt i samarbeid med andre instansar.
6. Når ein elev sitt samla fråvær overskrider 15 dagar, vil heimen verte informert. Heim og skule vil samarbeida om eventuelle tiltak.
7. Dersom ein elev forlet skulen utan løyve, vert dei føresette kontakta straks. Skulen prøver i samarbeid med heimen å spora opp eleven.